

Årsmelding for Sveio Orienteringslag 2019



Val av styre, utval og utsendingar under årsmøtet

19. februar 2019 i Førde samfunnshus

Hovudstyret:

Thomas Førde, attval for 1 år, leiar

Kjetil Fiskå, ikkje på val, nestleiar

Kristian S. Førde, ikkje på val

Karl Inge Instefjord, attval for 2 år

Astrid Førstund, attval for 2 år

Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjørdis Kallevik 2. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 3. varamedlem, attval for 1 år.

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde, attval for 1 år leiar

Astrid Førstund, ikkje på val

Karl Inge Instefjord, ikkje på val

Olaug Fagerland, attval for 2 år

Leif Grutle, attval for 2 år

Øystein Opedal, ikkje, på val

Alice Enerstvedt, ikkje på val

Revisor:

Jostein Ravn Ottesen attval, for 1 år

Diverse:

Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd: Astrid Førstund og Øystein Opedal

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus: Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna.

Astrid Førstund, vara Thomas Førde

Styre/representasjon:

Våre årsmøtevalde utsendingar var representantar i årsmøtet i Førde samfunnshus. Kjetil deltok i det årlege møtet for fastsetjing av terminliste for nærløp på Haugalandet. Astrid deltok i årsmøtet til Sveio Idrettsråd.

Medlemstalet:

85, same medlemstalet som året fø. Men det nye medlemsregistreringssystemet til Norges Idrettsforbund er komplisert i bruk. Her må det truleg finteljing til.

Kart-arbeid

Styret har vore i kontakt med kartteiknar Ørjan Ravndal, han som hadde hovudansvaret for utarbeiding av Ryvardenkartet, og bede om tilbod på utarbeiding av nytt nærmiljøkart over Førde sentrum med dei nye parkanlegga nær stranda, Rex garden, Lauvneset og nok av utmarka i Solheimshaugen.

Prosjektet med utarbeiding av nytt kart over terrenget ved Vikse skule har lege litt på is det siste året. Me har fått ei liste frå kommunen med namn på alle grunneigarane i området. Men lista må sorterast slik at me veit kven dei største grunneigarane er, dei som me bør kontakta.

Konkurranserorientering

Eigne arrangement

Fyr-o ved Ryvarden



Etter ei ruskete natt til lørdag 1. juni, utvikla sjølve løpsdagen seg med strålende ver over Ryvarden fyr. Aldri før er det blitt arrangert o-løp med mål ved fyret. Difor nytta mange høve til å delta. 143 o-løparar stilte til start i Fyr-O, som og var KM i mellomdistanseorientering for Rogaland o-krets. Kretsmeister i herreklassa blei Ole Magnus Laugaland frå Ålgård, medan Aud Hognestad Taksdal frå Ganddal vann gullmedalje i dameklassa.

I ungdomsklassane D15-16 og H 15-16 gjekk begge gullmedaljene til Sandnes, til høvesvis Julie Aksland og til Markus Richter.

Gullmedaljen i jenteklassa D13-14 blei vunnen av Anna Taksdal frå Ganddal, medan Samuel Stokkeland frå Ålgård gjekk til topps i guteklassa H 13-14.

Løypene, 8 i alt (Inkludert småtrolløypa), var laga av Kjetil og Thomas. Johannes var løpsleiar og Kristian hadde ansvaret for det tekniske med tidtaking, resultat- og startlister. Karl Inge var ansvarleg for kjøkenestete, sal og servering.

Teknisk svikt i ein av startbukkane skapte store utfordringar i tidtakarteltet. Men røynde funksjonærar drog det heile land på ein god måte, sjølv om premieutdeling blei noko forsinka. Alt i alt fekk arrangørane likevel ros for arena, terreng, kart, løyper og gjennomføring.





Seinsommar og nær-o-løp



Eit fantastisk sommarver seint i august laga ei flott ramme rundt Sveio O-lag sitt nærløp i mellomdistanse tirsdag 27. august kor 45 løparar stilte til start.

Løpet gjekk i eit rikhaldig skogsterreng ved Liervatn, kor der var mykje blåbærlyng, litt røsslyng og kantarell, mange og lange grasarter under eldre furuskog ispedd våte myrar og bratte skråningar.

Løypeleggjarane Kjetil Fiskå og Thomas Førde hadde laga fire ulike løyper med relativt korte lengder ettersom terrenget kravde mange høge kneløft og god kondisjon hos løparane.

Terrenget inneheld relativt mange strekningar med tydelege stiar og nyridda eldre traktorvegar, slik at løparane hadde høve til fleire alternative vegval.

Lågast kilometertid oppnådde vinnaren av den lengste løypa Kenneth Westerheim frå Stord. Men det blei levert gode prestasjonar også frå mange andre deltakarar i løpet som gjekk inn i samanlagtrankinga for både Sunnhordland og Haugalandet.




Deltaking i andre o-løp

Fem dagars i Sverige



Sommarens store hending for mange o-løparar er det årvisse arrangementet O-ringen i Sverige. Fem o-løp i løpet av seks dagar stod på programmet frå 22. juli i den varmaste veka som Norden opplevde denne sommaren. Temperaturen steig til over 30 grader då me var ute i løypa. Men heile arrangementet med løyper, kart og tilrettelegging omkring var like imponerende i år som tidlegare. Godt over 20 000 deltok i løypene i nærleiken av byen Norrkøping. Frå Sveio O-lag deltok Sunniva, Bjørnar, Kristian, Astrid og Thomas. Alle deltok i mosjonsklassar. Dei yngste hevda seg svært så bra i fleire av tevlingane.



Turorientering

Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, men som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva. 20 ulike postar vart fordelte på fire ulike terreng/kartområde: På Sveio Vest kartet låg fem postar i nærleiken av Paddevegen og Fjellstad. I Førde var fem postar lagde ut langs vegen frå Samfunnsuset og nordover i retning Dreng. I Auklandshamn var fem postar plasserte i terrenget rundt Mjånestjødno og i Valevåg låg årets fem nærtrimpostar i Eivindsmarka mellom Valevåg og Einstabøvoll.

Foto-O er eit tilleggstilbod i konvolutten som gjeld både i Sveio sentrum og i Førde. På kvart av dei to Foto-o-arka er ni detaljbilde henta frå like mange stader på kartet. Deltakaren skal finna ut kva bilde som høyrer til kva ring som er teikna inn på kartet.

Familietur-o

Årets seks kart og terreng-område inneheldt til saman 69 tur-o-postar.

I same pakka fekk deltakarane eit ekstratilbod med 12 postar i Valestrandfjella og fem tilleggspostar mellom Førde kyrkje og fjelltoppen Dreng. Desse postane kunne besøkjast som alternativ til dei andre 52 postane eller i tillegg til desse. Registreringar frå besøk ved ekstrapostane vil bli talde med for å kunne oppnå merkekrava. Krava til merke var dei same som før.

1. Lengst nord kunne ein starta turen ved grendahuset Kleivo eller ein kunne velja å starta rundturen litt lenger nord, ved Haugsgjerdelva. Dette var den mest krevjande turen i årets tilbod, den mest utfordrande og den som gav mest utsyn. Turen gjekk rundt Sveio sitt høgaste fjell Trodlavassnipen og like frampå dei beste utsiktspunkta i Sveio kommune, ved Høgesnipen og Valesåto.

2. I Førde kunne ein parkera ved kyrkja eller ved samfunnsuset. Postane låg langs ei rundløype som er ei mykje nytta turløype på god skogsveg og tydeleg sti. Eit spennande turterreng som aldri har vore nytta til turorientering før. Kart som blei nytta var kopi av eit kommunalt kart som måtte korrigerast noko, mellom anna ved å tydeleggjera stiane i terrenget

3. I marka nær **Auklandshamn**, blei det laga ein tur rundt og til topps på Slettafjell. Ein fin rundtur der postane låg nær ein tydeleg sti som går frå Tjernagel til Nyland. Flott utsyn over Bømlafjorden og skipsleia frå toppen av Slettafjell.

4. Med parkering ved tidlegare **Vandaskog** skule og utgangspunkt i garden Kleivo laga me i år ein rundtur. Mange år sidan sist postar blei plasserte i dette terrenget, som er ope og lett framkommeleg. Alle postane ligg innafor eit inngjerda sauabeite.

5. Ryvarden-marka: Turen gjekk frå Mølstrevåg og heilt vest til Ryvarden fyr. Alle postane ligg i ope, småkupert og variert terreng på sørsida av gangvegen til fyret. Her fekk deltakarane verkeleg nærkontakt med både himmel og hav langs heile turen.

6. Selsås. Parkering ved badeplassen i **Selsåvika** og vidare kunne ein leggja turen til topps og nyta utsikten frå toppen av **Selåsåsen**, gå vidare i flott furuskog, langs stiar og traktorveggar heilt inn til Liervatn og tilbake langs den idylliske Røykeneselva. **11 postar kunne kvitterast ut på denne turen.**



Kaffipost: Høgdepunkt vår og haust er kaffipostane. Då blir det servert kaffi, saft og kaker ute i naturen. Mange møtest for å drøsa om vanskelege o-postar, fine utsiktspunkt og kjekke turopplevingar. Vårens kaffipost blei lagt ved Selsåsgarden sin gapahuk ved Røykenes-elva og ikkje langt frå Liervatn.

Tur-o på internett og papirkort

For kvar sesong har talet auka på tur-o-deltakarar som registrer seg på internett. (www.turorientering.no). I 2019-sesongen hadde me 80 deltakarar som registrerte langt over 4000 postbesøk på denne måten. I tillegg leverte om lag 25 deltakarar inn sine registreringar på papirkort. Dermed passerte nok talet på postbesøk godt over 5000 i løpet av sesongen. Slik respons og slike besøkstal er det all grunn til å gle seg over og vera stolte av!

Under Finn Fram-dagen blei dei åtte aktivitetspostane i rundløypa registrerte som eigen tur på www.turorientering.no. Dermed kunne deltakarane sikra seg åtte ekstrapoeng denne dagen. Dei som besøkte alle postane i SOL sitt turopplegg i 2019 kunne samla maksimalt 115 poeng. Fem deltakarar klarte det.

| Sesong | Konvolutter | Klippekort | Turpakker | Turer | Omsetning på nett | Total omsetning | Avgift (15%) |
|--------|-------------|------------|-----------|-------|-------------------|-----------------|--------------|
| 2019 | 149 | 1 | 0 | 0 | - | 25 430,00 | 3 814,50 |
| 2018 | 142 | 7 | 0 | 0 | - | 24 410,00 | 3 661,50 |
| 2017 | 156 | 2 | 0 | 4 | 150,00 | 26 510,00 | 3 976,50 |
| 2016 | 155 | 5 | 3 | 0 | 400,00 | 26 550,00 | 3 982,50 |
| 2015 | 142 | 6 | 0 | 6 | - | 23 940,00 | 3 591,00 |
| 2014 | 149 | 5 | 2 | 0 | 400,00 | 25 550,00 | 3 832,50 |
| 2013 | 187 | 15 | 0 | 0 | - | 32 050,00 | 4 807,50 |

Sal og økonomi

Denne tabellen viser det totale salet av tur-o-konvoluttar dei siste åra. I 2018 selde me 100 konvoluttar av typen Familiekonvolutt. Utsalsstader har vore fem i alt: Joker Førde, Haukås bensinstasjon, Servicetorget i Sveio kommunehus og i daglegvarebutikkane i Valevåg og i Auklandshamn. I tillegg er det blitt selt direkte til kommunen og til fleire bedrifter Hydro, Equinor, Gassco og Haugaland Kraft. Kostnadene med å produsera materiell har auka, medan salsinntektene har stagnert. Difor er det blitt avgjerande viktig for å sikra balansen i rekneskapen at me sel sponsorannonsar. Ein stor takk til Reidar Skjerping som i fleire år nå har seld annonsar for oss.

Finn Fram dagen søndag 1. september



Mange fann fram, minst 150 personar, til årets Finn Fram dag søndag 1. september på Strando ved Prestabryggjo i Førde. Åtte postar var plasserte ut i ei rundløype som gjekk langs stranda, i parken og i Rex Garden kor ymse aktivitetar kunne prøvast, som kano og kajakkpadling, livlinekasting, luftgeverskyting, kviss og speedorientering. Alle deltakarane fekk utdelt kart med ei rundløype

innteikna. I tillegg til dei ymse aktivitetane hadde postane o-tekniske spørsmål som deltakarane måtte svara på. Arrangørar var Førde-speidarane saman med Bua-speidarane og hovudarrangør Sveio O-lag.

Nytt tilbod i år var at kvar post i rundløypa var utstyrt med kodebokstavar slik at postbesøka i rundløypa kunne registrerast på www.turorientering.no. Dei som besøkte samtlege av årets tur-o-postar kunne dermed oppnå i alt 109 poeng. 11 deltakarar klarte det i løpet av sesongen.





Årsfest med premiering og merkeutdeling

TURORIENTERING

**Velkommen til årsfest i Førde Samfunnshus,
torsdag 14. november kl. 18.30**

Utdeling av premiar, merke og plakettar.
Lysbildekåseri v/ Otto Inge Molvær.
Musikalsk innslag ved musikkskuleelevar.
Servering og utlodding.
Vel møtt!



Arr: Sveio Orienteringslag

Meir info: www.sveiool.org

facebook.com/sveiool



Sesongens plakettvinnarar: Frå venstre: Ole Daniel Eidsvåg mottok plakett etter 25 år med gullmerke, medan Endre Hetlesæter og Kjell M. Sandaker begge mottok 15 års-plaketten.

Den aller gjevaste prisen gjekk til Ole Daniel Eidsvåg som i 25 sesongar på rad har orientert seg fram til minst 50 tur-o-postar kring i ymse terreng i Sveio. Eidsvåg blei tildelt 25-årsplaketten for sin jamne innsats på høgt nivå gjennom alle desse åra.

Det står og stor respekt av innsatsen til den monaleg yngre plakettvinnaren, Endre Hetlesæter, som med sine 18 år truleg er ein landets yngste vinnarar av 15 års-plaketten. Det tyder at han har tatt seg fram i skog og kratt over myr og langs stiar til minst 50 postar kvar sesong. Ein bør starta i ung alder som ein god orienterar vil bli.

Plaketten for å ha nådd opp til gullmerke i 15 sesongar gjekk under årsmøtet i Førde samfunnshus også til Kjell Sandaker.

Tre deltakarar blei heidra med fem-års-plaketten. Det var Elisabeth Hauge Bakke, Jana-Elena Koser og Oddmund Svartveit.

Sveio O-lag har hatt brei deltaking gjennom årets tur-o-sesong der til saman 115 postar kunne ta imot besøk. Ved sesongslutt hadde laget registrert meir enn 6000 postbesøk.

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre få løpsdrakter på lager.

Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. Tskjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærene under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse Tskjortene igjen på lager ettersom me kjøpte 100. stk.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av egne arrangement.

Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under egne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland. Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Kanskje har me nok til enda eit arrangement.

Skulebrikker: Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

Konkurranserbrikker: SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker. Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Luftgevær: 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

Framvisar (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvtint skal kunne halda presentasjonar under egne arrangement.

Sveio O-lag på nettet www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar moglegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlistar frå egne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i, blir lagt ut på heimesidene våre. Nettansvarleg Kristian. Han er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

Kart:

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000 2009/10

Auklandshamn 1:10 000 2004

Auklandshamn skule 1: 5000 2004

Slettene 1: 5000 2004

Førde 1:10 000 1998

Førde nærkart 1: 10 000 2003

Førde nærkart 1: 5 000 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000 2006

Lier 1: 10 000 2006

Førde skulekart 1: 2000 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000 ,2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD Orienteering Edition

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermer i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.